



Dykkar ref.

Vår ref.  
20/05073-13

Saksbehandlar  
Jorun Beate Fylkesnes

Dato  
17.02.2023

## Referat SU- møte 16.02.23

### Til stades:

Ingvild Ueland	elevrepresentant- vara
Amy Dyrset	elevrepresentant
Aud Hege Myrstøl Skrikrud	foreldrerepresentant- SU- leiar
Olav Andreas Lura	foreldrerepresentant- FAU- leiar
Edel Njærheim	representant andre tilsette
Hilde Malmin Kimo	lærarrepresentant
Torhild Helen Melstokkå	lærarrepresentant vara
Fridtjov Helland	kommunal representant- folkevald
Jorun Beate Fylkesnes	kommunal representant- rektor


### Fråfall:

Emilie Erga Bærheim	elevrepresentant
Irene Hundeide	lærarrepresentant

**Sak 1/ 23 Godkjenning av innkalling og referat**  
Innkalling og referat godkjent

**Sak 2/ 23 Høyring kring skulekringsgrenser**  
Saka gjeld skulekringsgrenser for Bore ungdomsskule og Klepp ungdomsskule, med høyringsfrist 24.02.23.  
Svar frå Bore skule:  
SU på Bore skule støttar konklusjonen frå administrasjonen, om at kringrensene for Bore ungdomsskule og Klepp ungdomsskule ikkje blir endra.

**Sak 3/ 23 Oppfølging elevundersøking**  
Elevane på 5. og 6. trinn har svart, og det er fleire tema kor resultatane må jobbast med for å betre. Skulen tek initiativ til ein temakveld (etter møtet satt opp 22.3.23) kor elevar, foreldre og skule deltek. For elevar elevrådet og ein elev frå kvar klasse frå 4.-6. trinn, heile FAU, sosped- teamet og utviklingsgruppa på skulen. Dette skal utgjere eit fleirtal elevar.  
Denne kvelden vil ein ta utgangspunkt i resultatane på to av dei aktuelle temaa, og kome fram til «kjenneteikn på god praksis»; korleis er det for elevane når det er



Med blick for alle

bra? Kjenneteikna vil ein vidare arbeide med i pedagogisk personalet for å utvikle aktuelle tiltak for å nå. Endringa skal ein sjå på eleven sin pult. Temakvelden skal sikre medverknad for alle grupper inn i skulen, og skal vise att i skulen sitt vidare arbeid.

**Sak 4/ 23      Reknskap**

Det ser førebels ut til at ein ved årsslutt endte på eit forbruk på 101,2 %, som ein vurderer som eit bra resultat.

**Sak 5/ 23      Personal skuleåret 23/24**

Utlysinga hadde søknadsfrist den 6.2.23, og tilsetjingsutvalet har vore aktive med intervju til fire faste stillingar og truleg eit vikariat den siste veka.

**Sak 6/ 23      Orienteringssaker**

Elevråd:

- Elevrådet hadde ansvar for fellessamling på skulen, der dei viste filmen «Klassevenner». I etterkant skulle klassane svare på spørsmål. Veldig god film for både barn og vaksne.
- MIPA har fleire aktivitetar og breitt fokus på at barn skal ha nokon å leike med i friminutt. Dei vendar seg til barn som går for seg sjølv, skal vera saman med 1. klassingar, og tryggjer nokre medelevar inne; førebyggjande tiltak.
- Elevrådet har bestilt leiker til både inne- og uteaktivitet.
- Elevar frå 4.-6. trinn får spele sjakk i kantina
- Elevrådet har og i år solgt julekaker for å handle inn leiker. Ein vil i forkant av neste års sal ha dialog med FAU med tanke på om ein skal halde fram.
- Ta sjansen kjem i juni.

SFO:

- Har også behov for å lyse ut ledige stillingar for SFO for hausten.
- Det er gratis tilbod for elevar på både 1. og 2. trinn i tre dagar frå og med hausten 23.
- SFO tilbyr lekser som eit val i SFO
- SFO vil ha bading i bassenget etter påske.
- Baseleiarar og SFO- leiar tek Marte Meo- utdanning.
- Miljøarbeidarar melder tilbake at dei merker positiv utvikling etter kollektivt språkbruk- fokus.

Skule:

- Ein har arbeidd med resultatata etter elevundersøkinga, og satt opp tiltak til forbetring
- Lærarane på 5. trinn har analysert resultatata av nasjonale prøver, og kome med råd til arbeid nedover på trinna med tanke på type tekst- og reknearbeid.
- Med tanke på dagsrytme og kantine for komande skuleår vil ein hospitere på Bø skule i Hå for å sjå korleis dei praktisk løyser tida elevane skal i kantina. Elevane trekk fram at det er betre å ete i kantina på grunn av den sosiale

settinga, framfor å sitte i klasserommet å sjå på skjerm. Elevane kan og forsyne seg med det dei har lyst på.

- Har kollektivt fokus på språkbruk på heile skulen

#### Politisk representant:

- Økonomien i Klepp er god, og ingen tenesteområder har overforbruk. Godt disposisjonsfond. Ein er i ein heldig situasjon i kommunen. Utvalet har bevilga pengar til læringsbrett for 10. trinn.
- Ein vertskommuneavtale med Klepp, Time og Hå innan barnevernet har vore oppe som sak.
- Flyktnings situasjonen; ein tok i 2023 imot 140 flyktingar, og skal kunne ta imot 170 i 2023. Dette vil bety noko for blant anna skulane, med nye elevar i klassar og nye folk i bygda. Skal ta vare på alle.

#### FAU:

- 17.- mai- komiteen er i gang.
- Skal gjennomføre sykkelprøve til våren- gjenoppta etter pandemien.
- Har hatt reflekskampanje i vinter, med belønningar som blant anna har vore pizza, popcorn og refleksband.
- Har hatt kampanje i Verdalsvegen, kor blant anna politi kom på kontroll i desember og uanmeldt i januar. Det har ført til saker i lokalavisa. Foreldre har stått på poster nedover Verdalsvegen, og ein merker at synlege vaksne er førebyggjande. Foreldre rapporterer trafikk mønster når det gjeld syklistar, antal bilar, fart. Evalueringa viser at det er mykje elevar frå ungdomsskulane, og FAU har vore i kontakt med FAU og skuleleiing på Bore ungdomsskule. FAU har og overfor skulane spelt inn forslag om ulike starttidspunkt. Ein observerer at bilistar snur midt i dropsona, og at bilar køyrer rett opp til skulen, deriblant taxiar. Skule og FAU si haldning er at alle skal sleppe elevar av i dropsona, med mindre ein har avtale med skulen om anna.
- FAU arrangerer i samarbeid med skulen foreldremøte den 8. mars, kor Mobbeombod for Rogaland kjem.

Jorun Beate Fylkesnes

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Mottakarar:

BORE SKULE, Edel Njærheim

BORE SKULE, Irene Hundeide

BORE SKULE, Torhild Helen Melstokkå

Fridtjov Helland